

# Referat

## Arkitektur- og standardiseringsrådet - møte #4 2020

Sted og tid: Video-/Microsoft Teams-møte, tysdag 15. desember 2020 kl. 09:00 – 14:00

### Agenda

Tid	Saksnr	Tittel	Ansvarlig	Sak til
<b>0900</b>		<b>Velkommen og agenda</b>	<b>Sekretariatet</b>	
0915	20-21	Altinn og Digital assistent	Petra Nilsson-Anderson, Digdir/Altinn	Orientering
0935	20-22	Felles økosystem	Helle Astrid Stedøy, Digdir	Innspel
<b>1015</b>		<b>Pause/beinstrekk – 10 min</b>		
1025	20-23	Publisering av Rammeverk for digital samhandling på Digdir.no	Trond Os Haare, Digdir	Innspel/ orientering
<b>1115</b>		<b>Pause/Lunsj 30 min</b>		
1145	20-24	Bruk av krav og anbefalinger i forvaltningen – introduksjon av pågående prosjekt	Grete Øwre, Digdir	Diskusjon
1215	20-25	Ymse <ul style="list-style-type: none"><li>• A3U med førsteutkast «Strategi- og handlingsplan for digitale tjenester på Altinn 3 2021 – 2026»</li><li>• Verdibudskap for Altinn 3-plattformen</li><li>• Resurssenter for deling av data: Ny veileder for roller og ansvar ved deling av opplysninger</li><li>• Schrems 2-dommen – relevant for rådet?</li><li>• Refleksjon rundt rådet arbeid og resultat, og rom for forbetring</li></ul>	Sekretariatet	Orientering
<b>1300</b>		<b>Møteslutt</b>		

## Deltakarar

<b>Verksemد og namn</b>	<b>Møtt</b>	<b>Fråvær</b>
<b>Medlemmar</b>		
Arkivverket	X	
Brønnøysundregistrene	X	
Digitaliseringsdirektoratet	X	
Direktoratet for e-Helse	X	
Kartverket	X	
KS/KS	X	
KS/Innlandet fylkeskommune	X	
KS/Bergen kommune	X	
KS/Oslo kommune	X	
KS/-		
NAV	X	
Norstella	X	
Skatteetaten	X	
Standard Norge	X	
Unit	X	
Sekretariatet (Digitaliseringsdirektoratet)	X	
Sekretariatet (Digitaliseringsdirektoratet)	X	
<b>Deltakarar i forbindelse med sakene</b>		<b>Saker</b>
Digitaliseringsdirektoratet	Jim J. Yang	20-14
e-Helse	Lars Kristian Roland	20-17
e-Helse	Tore Syvertsen	20-17
Digitaliseringsdirektoratet	Erik Hagen	20-19
Digitaliseringsdirektoratet	Johannes Hunderi	20-20

## Hovudpunkt og oppsummering

13 medlemmer møtte. 1 medlemsplass står tom.

I tillegg stilte presentasjonshaldarar for sak 20-21, 20-22 og 20-24.

Sekretariatet v/Eianne Eggum ønskja velkommen presenterte agenda for møtet og informerte kort om saker som var planlagt å med i møtet, men som av ulike grunnar måtte flyttast/avlysts. Møtet blei gjennomført via Teams, der det var behov for å styre dialog og spørsmål. Dette vart gjort via handsopprekking og spørsmål/kommentarar i chat.

Situasjonen i forbindelse med Korona-viruset medførte at eit fysisk møte ikkje kunne gjennomførast.

## Saker:

### 20-21 Altinn og Digital assistent

*Petra Nilsson-Anderson, Digitaliseringsdirektoratet/Altinn*

#### **Orientering**

##### **Presentasjon av saken**

Petra Nilsson-Anderson orientering frå Altinn og deira arbeid med Digital assistent, som no er i oppstartsfasen.

##### **Kommentarar og spørsmål**

Det kom tilbakemeldingar om at ein må ta omsyn til dei som skal implementere løysningane, og da med tanke på føringar - jo større føringar ein legg, desto vanskelegare blir det å løyse det i ettertid. Ein burde også sjå på løysingar som var enkle å kalle opp, men som ikkje kravde integrasjon i eigne løysningar direkte.

Ved spørsmål om korleis ein gjekk fram for å kartleggje innbyggjarane sine behov, svara Petra at dette gjorde ein ved å nytte UX-forskarar, og NAV deltok for å jobbe med dialog, intervju, kartlegging osv. for å fange opp behov.

#### **Oppsummering**

Kommentarar og innspel blir tekne med i vidare arbeid. Dei som måtte ynskje å delta i prosjektet, var velkomne til det og må gjerne ta kontakt direkte.

### 20-22 Felles økosystem

*Helle Astrid Stedøy, Digitaliseringsdirektoratet*

#### **Innspel**

##### **Presentasjon av saken**

Helle Astrid Stedøy frå Digitaliseringsdirektoratet presenterte arbeidet med felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling.

##### **Kommentarar og spørsmål**

Det var gode tilbakemeldingar på modellane Helle presenterte, og arbeidet som var gjort! Dette var modellar ein kunne nytte til å sjå overlapp mellom eigne og andre sine tenester.

Det kom inn fleire kommentarar knytt direkte til utforming av modellane (fargar/fontar), og at ein burde gje grupperingane tydlegare etter kva som er brukarar, behov og roller. Det vart også stilt spørsmål til omgrepene tenestekjede (er kjede-omgrepene rett å nytte?).

Helle på peikte at ein ikkje forventa at alle skal nytte plattformene. Dei store har kapasitet og ressursar til å gjera det på eiga hand, men målet er å få med flest mogleg.

Det vart i tillegg påpeikt fleire gonger kor viktig testdata og tilgang til testmiljø er. Og ein ynskja at det vart tydeleggjort korleis ein fekk tilgang til tenestene og kopla seg på.

Det kom også spørsmål om kven og korleis ein skal forvalte tilgang til kva og når, og om ein har sett på livssyklusen for informasjonen.

Til slutt vart Digdir oppmoda om å ta kontakt med Nordic Smart Governance for samarbeid. Mange private aktørar har ynskje om å vera med. Det vil Helle og Digdir ta med seg vidare.

#### **Oppsummering og konklusjon**

Det kom inn mange innspel og spørsmål, som Helle og Digdir vil ta med seg vidare i arbeidet med modellane. Dei ynskjer innspel undervegs, og oppmoda til å ta kontakt.

## **20-23        Publisering av Rammeverk for digital samhandling på                   Digdir.no**

*Trond Os Haare, Digitaliseringsdirektoratet*

#### **Innspel/orientering**

##### **Presentasjon av saken**

Trond orienterte om kva norsk arkitekturrammeverk for samhandling er og omhandla. Han gjekk gjennom kva som er blitt endra, og vi fekk sjå korleis rammeverket såg ut på dei nye nettsidene til digdir.no. Han bad om innspel til forbetringar på dei nye nettsidene.

Trond presenterer dei nye sidene for rammeverket på digdir.no

#### **Kommentarar og spørsmål**

Det kom fleire kommentarar på dei nye sidene, og det vart ønskje om at det måtte gjerast kort og konsist, og unngå at det blir for arkitektonisk, detaljert og skjematiske - for abstrakt. Ein bør komme til poenget så raskt som mogleg.

Språket må vera lettles og konkret, og ofte kan ein språkvask gjera til at det vert mindre generell tekst, og at meininga kjem tydlegare fram.

Ein burde også linke til Utredningsinstruksen, og synleggjere koplinga mellom dette rammeverket og instruksen.

I tillegg kom det ynskje om at det kunne forvaltast i fellesskap, og fleire ynskja å bidra i arbeidet.

#### **Oppsummering**

Det kom skryt for jobben som var gjort og fleire gode innspel til retting av nettsida. Digdir ynskjer tilbakemelding etter kvart. Gjerne så konkret som mogleg.

## **20-24 Bruk av krav og anbefalingar i forvaltninga -introduksjon av pågåande prosjekt**

*Grete Øwre, Digitaliseringsdirektoratet*

### **Diskusjon/innspel**

#### **Presentasjon av saken**

Grete presenterte KKA-prosjektet, som kort går ut på å sjå på samla portefølje av forskrifter, rundskriv, rettleiarar, anbefalingar og råd, og om desse faktisk når ut til målgruppa, blir brukt og gjer ein forskjell i digitaliseringa i Norge. Prosjektet er i gang med intervju av statlege etatar og etter kvart kommunar.

#### **Kommentarar og spørsmål**

Grete fekk positive tilbakemeldingar på at eit slikt arbeidet var satt i gang. Det var positivt at ein hadde intervjurunde med statlege, og kommunale, etatar, og slik fekk innblikk i kva brukarbehovet/-problemet var. Det kom generelle kommentarar på at det er eit nyttig arbeid å systematisere krava, og korleis ein grupperer dei ulike ressursane utover, men også internt. Det er viktig å ha ein god formidling av desse. Behovet er til stades for fleire.

Det vart stilt spørsmål om kor breidd ein skulle gå – skulle dette gjelde Digdir, nasjonalt eller skulle ein også ta med EU-krav. Svar er at ein er usikker på kva ein skal ha med i denne runden av lovkrav frå andre.

#### **Oppsummering**

Mange gode innspel, som blir tekne med vidare. Prosjektet skapar engasjement og mange har gode tankar rundt dette. Digdir ynskjer innspel og ein kan gjerne ta kontakt i etterkant.

## **20-25 Ymse**

*Elian Eggum, Digitaliseringsdirektoratet ved sekretariatet*

### **Orientering/diskusjon**

#### **Presentasjon av saken**

Presentasjon av saker som er under arbeid i Digdir, og som kan vera av interesse for rådet. I tillegg kom det inn to saker til diskusjon.

#### **Orientering**

- A3U med førsteutkast «Strategi- og handlingsplan for digitale tenester på Altinn 3 2021 – 2026»
- Verdibodskap for Altinn 3-plattformen
- Ressurssenter for deling av data: Ny rettleiar for roller og ansvar ved deling av opplysningar

#### **Oppsummering**

**A3U:** Førsteutkastet til strategien og handlingsplanen, er delt med alle 61 tenesteeigarane, og skal behandlast i møtet 28 januar. Det skal også behandlast i Altinn styringsråd 10 januar

(saksframlegg og strategien/hovuddokumentet var lagt ved i innkalling).

Dei har også jobba fram eit «Verdibudskap for Altinn 3-plattformen», som også skal presenterast som en «soft lansering» på første faglunsj i Digdir i januar. Dette er tenkt skal brukast som inngang til dialog og møte med leiing og forretninga i offentlege verksemder, som ikkje kjenner Altinn eller vurderer å nytte Altinn på nye område.

**Ressurssenter:** Rettleieren er laga på oppdrag frå Skate, der det blei sagt at det var behov for å klargjere roller og ansvar ved deling av opplysingar. Arbeidet er i hovudsak gjennomført mens ressurssenteret var i pilot, men blei publisert etter at senteret hadde opna.

### Diskusjon

- **Schrems 2-dommen – relevant for rådet?**
- **Refleksjon rundt rådet arbeid og resultat, og rom for forbeting**

### Kommentar og spørsmål

Schrems 2-dommen

**Oslo kommune føreslo saka og innleia diskusjonen:** Er dette relevant for rådet? Formålet med å ta opp punktet, er å spørje rådet om vi tenkjer at dette er eit tema som vi bør behandle vidare. Er det innanfor vårt mandat? Ynskjer tankar om kva andre føretak seg i sine organisasjonar.

Det var brei einigkeit i rådet om at dette var ein høgst aktuell og viktig sak som måtte diskuterast og takast vidare. Det er mange som sit på kvar si tue og brukar ressursar på å tolke regelverket og utviklinga rundt dette. Her ynskja ein å kunne jobbe vidare i fellesskap, for eksempel sette ned ei arbeidsgruppe som kan jobbe vidare med dette. Spørsmålet er om dette er innanfor rådets mandat.

### Oppsummering

Anbefalinga vidare er at Digdir tek tak i dette.

Refleksjon rundt rådet arbeid og resultat, og rom for forbeting

Innspel frå NAV: Refleksjon rundt rådet sitt arbeid og resultat, og rom for forbeting.

Håkon les opp mandatet, og vi tek ein runde rundt bordet.

### Oppsummering

Det kjem inn veldig mange innspel og kommentarar. Det som går igjen er at det er stort potensiale i gruppa, ein saknar avgjerslesaker, men det er positiv kurve. Rådet er eit år, og ein ser at det har utvikla seg i positiv retning, men det blir etterspurt rom for å kunne samhandle meir mellom møta.

Det er kanskje litt lågt engasjement, og mykje er Digdir-produsert. Men, her tek fleire sjølvkritikk på at ein kanskje må bli flinkare til å melde inn saker. Arbeitsgrupper som jobbar med konkrete saker og fremjar dette til rådet, kan gjera til at ein får fleire avgjerslesaker, og ei mindre Digdir-tung agenda.

Fleire tek til orde for at ein bør leggje til rette for samhandling utanfor møta, og Teams-gruppe blir lagt fram som forslag. Slik får ein tovegs-kommunikasjon og samarbeid mellom møta, og kan sjå om det er behov for ekstra møte.

### Konklusjon

Mange innspel som blir tekne med vidare. Det vert også oppretta ei eiga Teams-gruppe for rådet, og kanalar for dei ulike sakene ein ynskjer diskutere.

**Møter i 2021:**

- Tysdag 16. mars Kl. 09 -14 (Teams-møte)
- Tysdag 15. juni Kl. 09-14
- Tysdag 21. september Kl. 09-14
- Tysdag 7. desember Kl. 09-14

**Dato og referent**

Leikanger, 18.12.2020  
Digitaliseringsdirektoratet v/Elianette Eggum

**Versjon og status**

0.5 - Under arbeid  
0.9x - Utkast – til kommentarar hos deltagarane  
1.0 - Ferdig – førehald om formell godkjenning  
1.0 - Endelig